

Plenumsmøte i Europaparlamentet: Von der Leyens årstale - auka klimaambisjonar og skroting av Dublin - skjerpa tone mot Russland og Tyrkia

*Innberetning fra Per S. Nestande, Stortingets Brusselkontor
18. september 2020*

Europaparlamentet – plenumsmøte 14. – 17. september 2020

- *Kommisjonspresident Ursula von der Leyen varsla i sin årstale auka ambisjonar for utsleppsreduksjon og at Dublin-avtalen bør erstattast av eit nytt migrasjonsregelverk*
- *Von der Leyen er uroa for rettsstatsutviklinga i Polen og andre EU-land, men Parlamentet kom med kritikk at av Kommisjonen og Rådet for ikkje gjer nok for rettsstat og mot etableringa av LGBTI-frie soner i Polen.*
- *Skjerpa tone mot Kina, Russland og Tyrkia både frå Kommisjonen og Europaparlamentet.*
- *Europaparlamentet ynsker sanksjonar mot president Lukasjenko og dei som sto bak forgiftinga av Navalnyj og Kommisjonen tek til orde for ei europeisk Mangnitskij-lov.*
- *Von der Leyen pessimistisk til utsiktene for å få til ein avtale med Storbritannia om det framtidige tilhøvet*
- *Brei støtte i Europaparlamentet til meir harmoniserte system for reiserestriksjonar pga. covid-19 og krav om tiltak for å hindre medisinmangel.*
- *Europaparlamentet ynskjer eit større fond for grøn omstilling og opnar for at gass kan få støtte som ein overgangsteknologi.*

Covid-19 førte til at Europaparlamentet møttes i Brussel

Europaparlamentet møttes denne veka i Brussel. Vedtaket om å ikkje dra til Strasbourg kom seint i førre veke. parlamentspresident David Maria Sassoli sa seg lei for at smittesituasjonen nå er slik at det var nødvendig å ha møtet i Brussel. I løpet av veka kritiserte enkelte franske medlemmer av Europaparlamentet vedtaket og viste til at smittesituasjonen i Belgia er vel så alvorleg som i Alsace. Det kom også framlegg om økonomisk kompensasjon til Strasbourg. Vedtaket om å halde møtet i Brussel skuldast ikkje minst at tilsette i Europaparlamentet ville blitt pålagt karantene i 14 dagar etter retur frå Strasbourg. MEP er fritatt frå karantene. Den tyske europaministeren deltok fysisk på møta i Brussel og sa det medfører karantene for han ved retur til Berlin.

Kommisjonspresidentens årstale om situasjonen i EU

I ein over timelang tale til Europaparlamentet i Brussel onsdag, gjorde kommisjonspresidenten opp status for situasjonen i EU og varsla mange nye initiativ for det neste året. Same dag sendte ho [eit brev til Europaparlamentet og Det tyske rådsformannskapet](#) med ei meir detaljert oversikt over initiativ som skal leggjast fram det neste året. [Les heile talen her](#) og [Europaparlamentets oppsummering av innlegga til dei parlamentariske leiarane her](#).

Covid-19 og styrka helsesamarbeid

Von der Leyen starta med gje honnør til dei som hadde gjort ein ekstra og uvurderleg innsats i helsesektoren og på andre område det siste året. Pandemien har vist kor sårbare vi er, men også styrken vi har når det er nødvendig. Samtidig har EU klart å levere det siste halvåret. Eksportforbod er stansa, det er starta samarbeid med industrien for å sikre auka produksjon av nødvendige varer og utstyr og EUs krisemekanisme har sørga for at rumenske legar kunne sendast til italienske sjukehus. Ho tok samstundes til orde for eit sterkare europeisk helsesamarbeid. EUs helseprogram må få mykje større ressursar, EUs legemiddelbyrå og smittevernbyrå må få auka makt og ho varsla etablering av eit nytt byrå for avandert biomedisinsk forskning og utvikling. Det er nødvendig å etablere strategiske lagre, mellom anna av viktige innsatsfaktorar for farmasøytisk industri. EUs kompetanse på helseområdet bør

drøftast av konferansen om EUs framtid. Ho varsla også ein global helsekonferanse i Italia neste år. *Sjå elles særskilt oppsummering nedanfor av debatt om harmoniserte reglar for reiserestriksjonar.*

Kommisjonen og heile EU viste fleksibilitet da krisa ramma. Nye framlegg vart raskt vedteke, reglane for statsstøtte vart lempa på og Den europeiske sentralbanken sine tiltak har også vore viktige. [Europaparlamentet gav elles denne veka samtykke til ei beslutning om eigne ressursar](#). Dette var nødvendig for at medlemslanda skal kunne vedta beslutninga og starte prosessen med å godkjenne etableringa av gjenreisingsfondet på 750 milliardar euro.

Sosialt Europa og minstelønn

Von der Leyen understreka kor viktig det er med eit sosialt rettferdig EU. Det midlertidige SURE-programmet for er viktig for arbeidstakarar og verksemder i mange land. Det vil også kome eit framlegg knytt til minstelønn som støtte etableringa av eit rammeverk som sikrar eit system for minstelønn eller kollektivavtaler i alle land. Framlegget skal respektere nasjonale tradisjonar og system.

Høgare klimaambisjonar

Som venta varsla von der Leyen at Kommisjonen eit mål om å redusere klimautsleppa med 55 prosent fram til 2030 – opp frå 40 prosent i dag. For å oppnå dette vil Kommisjonen fram til neste sommar vurdere all klimalovgjeving, inkludert systemet for handel med utsleppskvoter, karbongrensejusteringsmekanisme og sektorlovgeving. EU kan berre nå målet gjennom systemisk modernisering og ei ny tenkemåte for alle delar av samfunnet, inkludert transport og bygningssektoren. [37 prosent av gjenreisingsmekanismen](#) på 750 milliardar euro bør gå til grøn omstilling og 30 prosent av obligasjonane bør vere grøne. [Kommisjonen la torsdag fram ei melding](#) med ein plan for kva tiltak den meiner er nødvendig. Dette omfattar ei endring i framlegget til klimalov og ei rekkje lovframlegg som vil kome fram til sommaren. *Sjå elles særskilt omtale nedanfor av vedtak av støtte til bruk av gass i overgangen til eit grønar samfunn og inkludering av skipsfarten i kvotehandelssystemet.*

Digital omstilling og skattlegging

Von der Leyen viste til at pandemien har ført stor digital omstilling på kort tid. Denne omstillinga må halde fram. Teknologi og kunstig intelligens gir store moglegheiter, men det må vere reglar for personvern og digital sikkerheit. Det er viktig med gode system for å dele data og bruke dei i innovasjon og forskning og alle må kunne ta del i den digitale omstillinga. Utbygging av infrastruktur som breiband også utanfor sentrale strok, er viktig. EU ynskjer ei felles OECD-løysing for skattlegging av digitale selskap, men dersom det ikkje er mogleg å få til dette, vil EU kom med eit eige framlegg neste år.

Internasjonalt samarbeid og geopolitiske utfordringar

EU ynskjer å vere ei kraft mot destabilisering og proteksjonisme. I samband med pandemien har EU sendt hjelp til mange land og vore viktige for det globale vaksinenettverket. Det er viktig å revitalisere WTO og andre multilaterale organisasjonar.

Kina er ein strategisk viktig partner, men samtidig ein vanskeleg motpart og konkurrent. Kina må gje rettferdig marknadstilgang for europeiske verksemder, men EU skal samstundes seie klart frå om uro for tilhøva i Hong Kong eller for uighurane. Von der Leyen viste til at det er vanskeleg å få vedteke sjølv svært enkle utanrikspolitiske fråsegner pga. kravet om samrøystes vedtak blant medlemslanda. Det er nå på tide å innføre kvalifisert fleirtal på utanriksområdet, i det minste i spørsmål knytt til menneskerattar og sanksjonar. Ho varsla samstundes at Kommisjonen vil gjere framlegg om ei europeisk Magnetskij-lov om sanksjonar mot personar som står bak brot på menneskerettar.

EU står saman med folket i Kviterussland som sjølve må få velje framtida si. Ho viste til forgiftinga av russiske Aleksej Navalnyj og peikte på at dette ikkje er eit eineståande tilfelle. Nordstrøm vil ikkje endre korleis Russland oppfører seg. Tyrkia vil alltid vere ei viktig nabo og

partner, men avstanden ser ut til å auke. Vi støttar Tyrkia og anerkjenner innsatsen dei gjer for flyktningar frå Syria, men det rettferdiggjjer ikkje forsøka på å skremme Hellas og Kypros. EU står solidarisk med våre medlemsland og det er nå viktig å sikre redusert spenning og dialog. Ho understreka også at EU ynskjer eit tett samarbeid med landa på Vest-Balkan og vil kome med ein økonomisk gjenreisingsplan for regionen. EU vil også vidareføre naboskapspolitikken mot landa i aust, samarbeidet med nabolanda i sør og ikkje miste det strategiske samarbeidet med Afrika. *Sjå elles særskilte oppsummeringar av debattar om Tyrkia, Kviterussland og Navalnyj-saken nedanfor.*

Brexit

Sjansane for ein avtale med Storbritannia blir mindre for kvar dag. EU vil ikkje akseptere at Storbritannia einsidig innfører reglar som bryt med vilkåra i utmeldingsavtalen. Von der Leyen viste til at Margaret Thatcher har uttalt at Storbritannia ikkje bryt avtaler fordi det vil vere uheldig for landet og for verda. Ho sa EU ynskjer ein ny start på tilhøvet til venner og allierte både på den andre sida av Kanalen og av Atlanteren.

Migrasjon

Von der Leyen sa migrasjonspolitikken må være menneskeleg og human, og at den må vere basert på solidaritet mellom landa. Dei som ikkje har krav på opphald må returnerast og dei som skal ha opphald må integrerast. Det er viktig å styrke kontrollen med yttergrensene, etablere ruter for legal innvandring og slå ned på menneskesmuglarar. I ein kommentar seinare i debatten varsla ho at Kommisjonen vil gjere framlegg om å erstatte Dublin-forordninga med eit nytt Europeisk migrasjonssystem. Framlegget vil kome neste veke. Det var elles [ein særskilt debatt om situasjonen i Moria-leiren torsdag](#).

Rettsstat og antidiskriminering

Von der Leyen understreka at rettsstatsprinsipp er grunnleggjande viktig. Kommisjonen kjem med ein rapport i slutten av september som systematisk vil vurdere situasjonen i alle medlemslanda. Det er viktig å få tidleg informasjon om eventuelle negative utviklingstrekk og dermed kunne finne løysingar. Det er sentralt å sikre at EU-pengar ikkje blir gjenstand for svindel, korrupsjon eller interessekonflikhtar. Ho understreka også forrang for europeisk rett over nasjonal rett, behovet for uavhengige og frie domstolar og frie media. Ho tok også til orde mot såkalla gullvisum i fleire EU-land. Ho avslutta talen med å ta kraftig avstand frå all diskriminering og hat. EU-budsjettet vil bli brukt for å hindre diskriminering knytt til sysselsetting, bustadar eller helsetenester. Det er uakseptabelt å innføre såkalla LGBTI-frie soner, *jf. også oppsummering nedanfor av ein særskilt debatt om rettsstat og slike soner nedanfor*. Alle har rett til å vere den dei er og elske den dei vil. Ho tok også til orde for at medlemslanda må gjensidig godkjenne ulike familierelasjonar. Ein forelder i eit land må vere godkjent som foreldre i andre land også.

Reaksjonar i Europaparlamentet

Talen til von der Leyen vart motteke med ståande applaus i Europaparlamentet. Dei fleste gruppene støtta opp om retninga og ambisjonane hennar, men vektla ikkje uventa ulike aspekt. Mange etterlyste meir konkrete grep for å sikre rettsstatsprinsippa i medlemslanda. Dei mest kritiske røystene kom frå medlemmer av den konservative gruppa (ECR) og frå ytre høgre (ID), men også ytre venstre (GUE/NGL) var kritiske.

Sentrum-høgre (EPP) la mellom anna vekt på behovet for å skal ny vekst og sysselsetting. Dei la også vekt på ein tøffare tone mot Kina, Russland og Tyrkia. Det omfattar mellom anna at EU-pengar ikkje bør gå til kinesiske stateigde verksemdar, at Nordstrøm 2 bør stansast og at Tyrkia ikkje lengre er truverdig som eit kandidatland.

Sentrum-venstre (S&D) framheva at EU har møtt og må møte koronakrisa på ein annan måte enn med sparepolitikken som kom i kjølvatnet av finanskrisa for vel 10 år sidan. Det er viktig med ei system for skattlegging av digitale selskap og skatt på finanstransaksjonar. Det er

positivt med eit framlegg til rammeverk for minstelønn. Rettsstatsituasjonen i fleire EU-land er farleg og uakseptabel.

Den liberale gruppa (Renew Europe) meinte krisa hadde svekka populistiske og anti-europeiske krefter og demonstrert behovet for samarbeid. Det vart vist til at mange ytre høgreparti i Europa får finansiering frå Putin. Rettsstat er grunnleggjande viktig og pengane frå gjenreisingsfondet ikkje bli misbrukt. EU treng eigne budsjettinntekter og langtidsbudsjettet må vedtakast raskt. Det er viktig å leggje til rette for grøen og digital omstilling, men dette må skje på ein måte som sikrar solidaritet med dei vil oppleve negative effektar ved omstillinga.

Ytre høgregruppa (ID) meinte von der Leyen var alt for sjølvtilfreds og optimistisk. Koronakrisa har vist at EU ikkje kan levere. Tiltaka som er innført er midlertidige og med svært uklart effekt. Det er naivt å tru at skatt på CO₂ og plastikk skal kunne finansiere budsjettet til EU og framlegga til strenge miljøtiltak vil svekke europeiske konkurranseevne. EU må innføre tiltak for å beskytte den europeiske marknaden mot urettferdig konkurranse frå Kina, hindre kinesisk oppkjøp av viktige infrastruktur og vere tydelegare i kritikken av menneskerettsbrot i landet. Alle som ikkje har rett på asyl må returneras. Innvandring fører ikkje til at våre samfunn blir rikare, tvert i mot.

Dei grøne sa situasjonen på EUs yttergrenser er skamfull og tilstanden etter Moria-brannen viser at EU har gløymt viktige humanistiske verdiar. Koronakrisa har vist at EU kan levere om det trengs og nå må det sikrast semje om ein ny migrasjonspolitikk. Det er viktig at pengane frå langtidsbudsjettet og gjenreisingsmekansimen blir brukt til å fremje EUs verdiar og ikkje forverrar klimakrisa (*sjå eige omtale av vedtak om gass i samband med mekansimen nedanfor*). Jamvel om Europaparlamentet, og ikkje minst Dei grøne, har gått inn for eit reduksjonsmål på 60 prosent, er det svært positivt at Kommisjonen tek til orde for 55 prosent. Det er også positivt at EU vil satse meir på helse og krisa har vist at det er viktig med eit godt helsevesenet og å sikre at alle har tilgang til dette.

Den konservative gruppa (ECR) sa EU er i ein dårlegare forfatning enn for ti år sidan, men Kommisjonens framstiller det som det er ei gyllen framtid som ventar. Alt snakket om rettsstat er i praksis brutalt fleirtalsstyre som forsøker å hindre gjennomføring av politikk som demokratisk valde regjeringar står bak. Gruppa åtvara mot grøne og føderale ekstremistar og sa framlegget om nye instrument for å fremje såkalla rettsstatsprinsipp var det mest skremmande i talen. Det vart også spurt om kvifor netto bidragsytarar i nord skal vere med på å garantere for lån til landa i sør utan å få noko att for det.

Ytre venstre (GUE/NGL) sa det er ei solidaritetskrise i EU som von der Leyen burde sagt meir om. Til dømes er mange medlemsland i praksis skatteparadis. Den økologisk krisa er akutt og 55 prosent reduksjon er ikkje nok. Situasjonen på Moria er også skamfull og EU må gjere meir for å sikre rettsstaten i alle medlemslanda.

Det tyske EU-formannskapet understreka at vi stadig er midt i koronakrisa. Det er viktig å sikre eit raskt vedtak av langtidsbudsjettet og sikre ei sosialt rettferdig klimaomstilling. Tyskland er positivt til framlegget om eit rammeverk for minstelønn. Det er ikkje riktig at strenge klimatiltak vil drepe jobbar, tvert i mot. Tyskland er glad for at Kommisjonen er opptatt av verdiar og rettsstat.

Kommentar

Tala til kommissæren var lang, og dekkja ei rekkje tema. Den ga dermed litt til mange, inkludert klima, migrasjon, digital agenda og tilhøvet til Kina. Samstundes var det få detaljar på ein del av punkta. I tillegg til skjerpa klimaambisjonar har norsk presse gjev mest merksemd til at Kommisjonen ynskjer å skrote Dublin-systemet. Detaljane kjem i framlegget til ny migrasjonspolitikk kjem fyrst neste veka. Kommisjonspresidenten skjerpa ordbruken knytt til

Tyrkia, Russland og EU-interne rettsstatsutfordringar. Det er svært ulike oppfatningar mellom medlemslanda desse spørsmåla og det vil bli krevjande å oppnå semje.

Rettsstat og LGBT-frie soner i Polen

Europaparlamentet hadde ein felles debatt om rettsstatssituasjonen i Polen og såkalla LGBT-frie soner i landet. [Ein resolusjon krev at Rådet nå må handle](#), jf. også Europaparlamentets [førehandsomtale](#). Saksordførar López (S&D, Spania) sa i debatten at når både Veneziakommisjonen, Europarådet, OSSE og EU har uttrykt bekymring for utviklinga i Polen, er det grunn til uro. Samla er det mange teikn på at landet går vekk frå europeiske verdier. Dett er alvorleg og undergrev heile det europeiske prosjektet. Dette er den tiande resolusjonen EP vil vedta om rettsstat og minoritetar der Polen er tema eller eit av fleire land som blir framheva. EU kan ikkje tillate at Polen ignorerer Europaparlamentet, Kommisjonen eller EU-domstolen. Han sa resolusjonen fokuserer på konkrete tilhøve som maktodelingsprinsipp, domstolane, mediemangfald og grunnleggjande rettar. Samla bad han om at Rådet og Kommisjonen går frå ord til handling.

Visepresident i Europakommisjonen, Věra Jourová, sa seg langt på veg samd med Lopez. Ho ser svært alvorleg på utviklinga i Polen, ikkje minst endringane som blir gjort i domstolsapparatet. Det er opna fleire traktatbrottsaker mot landet. Ein nederlandsk domstol har bedt EU-domstolen vurdere om det er akseptabelt å etterkomme ein polsk arrestordre eller om dei som blir utlevert til Polen ikkje kan garanterast rettferdig behandling. Den samla effekten av mange ulike endringar er alvorleg. Ho var glad for at Europaparlamentet og det tyske formannskapet har sett dette på dagsorden og sa det er nødvendig å stryke EUs verktøykasse nå i samband med langtidsbudsjetten. Skattebetalarane i mange land ynskjer ikkje overføringar til land som bryt grunnleggjande verdier. Dei som laga Lisboa-traktaten hadde ikkje fantasi til å førestille seg behovet for strengare verktøy enn artikkel 7 i traktaten. Det er over 100 kommunar og regionar i Polen har vedtak om å vere LGBTI-frie soner. Vedtaka er svært ulike i form og innhald. Kommisjonen må ha ei legalistisk tilnærming og kan berre følge opp dette dersom det er konkrete klager. Samstundes har EU-domstolen avgjort at ytringar kan vere i strid med direktivet om likebehandling i arbeidslivet. Til dei som bad om meir konkret handling sa Jourová hennar mål også er vidare dialog med Polen. Det er også behov for klare definisjonar av kva rettsstatsprinsipp betyr. Dette er noko Kommisjonen vil kome attende til i ein rapport om rettsstatssituasjonen i EU generelt som kjem seinare i haust.

Dei fleste som hadde ordet i debatten støtte Lopez. Dette gjaldt ikkje minst frå leiarane av Europaparlamentets intergruppe for LGBT-spørsmål og for leiaren av likestillingskomiteen. Desse viste til at dei får mange spørsmål frå polske innbyggjarar, spesielt i LGBT-miljøet, som er redde og uroa for utviklinga. Det er stadig vanskelegare å forklare kvifor EU ikkje gjer noko. Det var også uro for utviklinga i kvinners rettar, mellom anna fordi Polen ynskjer å trekke seg ut av Istanbul-konvensjonen. Mange tok til orde for at det må få økonomiske følgjer for Polen at dei ikkje respekterer europeiske verdier og at langtidsbudsjetten må omfatte ein styrka rettsstatsmekanisme. Det vart også vist til at EU har lite truverde i andre samanhengar dersom ikkje eigne medlemsland lev opp til grunnleggjande prinsipp for rettsstat og demokrati. Det kom også direkte kritikk til kommisjonspresident Ursula von der Leyen. Ho snakkar ofte og pent om europeiske verdier, men har samtidig ikkje klart å ta eit klart oppgjør med Orban i Ungarn.

Det var enkelte innlegg frå medlemmer av ytre høgre gruppa Identitet og demokrati, samt medlemmer frå regjeringspartia i Ungarn og Polen som kritiserte resolusjonsteksten. Det vart hevda at det kritikken av Polen er venstrevridd propaganda og at Polen blir utsett for trakassering. Det er parallellar til polsk lovgjeving i mange andre land utan at det blir kritisert på same måte. Det polske folket har røysta for eit konservativ parti som ynskjer å styrke familien og tradisjonelle verdier. Dette er demokratisk og heilt i samsvar med rettsstatsprinsippa. Rapporten til Europaparlamentet er derfor ikkje balansert.

Tilhøvet til Tyrkia og situasjonen i det austlege Middelhavet

[Europaparlamentet vedtok med stort fleirtal ein resolusjon](#) som fordømmer Tyrkias handlingar i den greske og kypriotiske økonomiske sona i Middelhavet og gjev uttrykk for solidaritet med Hellas og Kypros. I ein debatt tysdag understreka EUs høgrerepresentant for utanrikssaker, Josep Borrell, behovet for dialog, men sa det er viktig Tyrkia avstår frå einsidige tiltak som aukar spenninga i det austlege Middelhavet. Det er mellom anna Tyrkia si leiteverksemd knytt til gass utanfor Kypros som har ført til auka spenning. Borrell uttrykte uro for utviklinga av rettsstat og demokrati i Tyrkia. Han fekk brei støtte frå medlemmer av Europaparlamentet. Mange understreka behovet for dialog og for å redusere spenninga i området, men EU står saman med Hellas og Kypros. Fleire ga uttrykk for at medlemskap ikkje er aktuelt for Tyrkia slik situasjonen er nå, og at EU må byggje tilhøvet til landet på noko anna enn utsiktene til medlemskap. Enkelte tok også til orde for å avvikle tollunionen med landet og for økonomiske sanksjonar. Andre tok til orde for stans i våpeneksport frå EU-land til Tyrkia. Samstundes vart det vist til at mange innbyggjarar i Tyrkia ser på EU som ein garantist for positiv utvikling i landet. Det er viktig å ikkje svikte desse. Fleire meinte Tyrkia held EU som gissel i migrasjonspolitikken og at EU må kome vekk frå denne situasjonen. Dei ulike EU-landa har ei svært ulik tilnærming til landet og EU bør opptre meir samla.

Situasjonen i Kviterussland, Libanon og Navalnyj.

Tysdag var det ein felles debatt med høgrerepresentant Josep Borrell om situasjonen i Kviterussland og Libanon og forgiftinga av den russiske opposisjonsleiaren Aleksej Navalnyj. [Parlamentet vedtok også ein resolusjon](#) som mellom anna krev sanksjonar mot presidenten i Kviterussland og dei som sto bak forgiftinga av Navalnyj.

Kviterussland

Borrell sa valet i Kviterussland ikkje var gyldig og at Lukasjenko dermed ikkje er ein legitim president. Han tok sterk avstand frå valdsbruken mot demonstrantar. Styresmaktene må opne for dialog for å løyse situasjonen. EU er villig til å støtte dette og viste til at OSSE kan vere ein aktuell aktør. EU ynskjer også å samarbeide med folk og sivilsamfunn i Kviterussland. Han tok samtidig til orde for at EU må vedta sanksjonslovgeving for brot på menneskerettar og tok til orde for at denne kunne få namn etter Navalnyj – ein parallell til Magnitskij-lova i USA. [EUobserver](#) skreiv onsdag at Kypros har blokkert for semje om sanksjonar mot personar i Kviterussland fordi landet samstundes ynskjer sterkare reaksjonar mot Tyrkia.

I debatten var det brei støtte til Borrell, men kritikk av at EU 40 dagar etter valet stadig ikkje har klart å samle seg om sanksjonar. Dei fleste understreka at det kviterussiske folket må stå fritt til å velje vegen vidare og at dei har rett til demokrati. Ingen land må blande seg inn i dette og det handlar ikkje om eit opprør mot Russland. Det er viktig med dialog, og fleire nemnde OSSE som ein viktig aktør. Nyval er nødvendig. Det vart teke til orde for meir omfattande sanksjonar, mellom anna også mot russiske journalistar som har bidrege i propagandaen for regimet i Kviterussland. Det vart vist til den omfattande økonomiske støtta Russland gjev til Kviterussland og at EU må gje meir konkret støtte. Dette kan også omfatte visaliberalisering og å leggje til rette for studentutveksling. Det er eit problem at EU ikkje har ein samla politikk. Ikkje minst vart det peikt på at Victor Orbán har vitja Kviterussland og gjeve støtte til regimet. Andre peikte på at Visegarad-landa har vore viktige i støtte opposisjonen og å gje støtte. EU har lite truverde når eigne medlemsland får spelerom til å byggje ned sine rettsstatar. Det vart teke til orde for å anerkjenne opposisjonsleiar Svetlana Tikhonovskaja som rettmessig leiar av landet, invitere henne til Europaparlamentet og å gje henne Sakharov-prisen. *Sjå elles [pressemelding om dei nominerte til prisen](#). Lista inkluderer mellom anna den demokratiske opposisjonen i Kviterussland.*

Enkelte innlegg hadde eit anna syn, mellom anna viste ein representant frå ytre høgre gruppa Identitet og demokrati at det ofte hadde vore demonstrasjonar i landet i samband med val. Han erkjente likevel at demonstrasjonane var større enn vanleg og gjekk inn for nasjonal dialog. Ein representant frå ytre venstre gruppa GUE/NGL meinte EUs naboskapspolitikk er

feilstlått. EU er ein lakei for USA og uroa skuldast at Nato ynskjer å ekspandere austover. Det vart også hevda at det er dobbeltmoral frå EU å kritisere Lukasjenko, men samstundes ikkje ta avstand frå den spanske regjeringas politikk overfor Catalonia.

Navalnyj

Borell sa det er prova at Aleksej Navalnyj vart forgifta, og bad om at Russland må samarbeide om etterforskinga. Det er også viktig med eit effektivt forbod mot kjemiske våpen mellom anna av den typen som vart bruk mot Navalnyj. Han viste til at jamvel om Kommisjonen aldri hadde vore entusiastiske til Nordstrøm 2-rørledninga, er det ikkje Kommisjonen som bestemmer om den skal fullførast.

I debatten var det mange som tok til orde nettopp for å skrinleggje Nordstrøm 2 og som sa det er nødvendig å revurdere EUs tilhøve til Russland generelt. Samstundes vart det vist til at det uansett er nødvendig å vidareføre eit pragmatisk samarbeid med Russland på visse område. Eit innlegg frå ytre høgre gruppa Identitet og demokrati viste til at det er mange land som har tilgang til gifta som vart nytta mot Navalnyj og at det ikkje er prova at det var Russland som sto bak åtaket.

Libanon

Josep Borrell viste til at EU og mange medlemsland har gjeve humanitær hjelp til Libanon etter eksplosjonen i august. Det er viktig at regjeringa kan gjennomføre reformer. EU står klar til å hjelpe landet også framover, men Libanon må også gjere sitt sjølv. Det var stor grad av semje i debatten om dette. Det vart peikt på omfattande korrupsjon i landet og at libanesiske politikarar har plassert verdier i europeiske bankar. Det er viktig å sikre at den humanitære bistanden når fram til dei som treng hjelp og ikkje forsvinn i korrupsjon.

Covid 19 – harmonisering av reiserestriksjon og tiltak for å hindre medisinmangel

Justiskommissær Didier Reynders presenterte tysdag framlegget til [til ein rådsrekommendasjon](#) om eit harmonisert system for å koordinere reiserestriksjonar som følge av koronapandemien. Han viste til at mange av medlemslanda har innført strenge restriksjonar grunngjeve i folkehelsa. Desse har store konsekvensar for Schengen og den indre markanden. Kommisjonen foreslår eit system med nasjonale soner og fargekoder og der landa må behandle alle regioner likt uavhengig av om det er ein region innanfor eller utanfor eigne landegrenser. Situasjonen i dei ulike regionane skal vurderast kvar veke med utgangspunkt i talet på nye tilfelle, talet på testar og talet på nye tilfelle blant dei som blir testa. Det Europeiske smittevernbyrået (ECDC) skal ha ansvaret for å innhente data og oppdatere informasjonen. Samtidig skal landa informere kvarandre og Kommisjonen før nye tiltak blir innført og ikkje minst informere eigne innbyggjarar betre og lengre varsel på endringar. Tiltak må vere proporsjonale og ikkje diskriminerande. Kommisjonen har tidlegare peikt på at eit land som innfører restriksjonar for innreise frå raude røde soner i andre land bør ha dei sama restriksjonane for reiser frå raude soner i eige land. Reynders viste til at retten til fri rørsler i den indre marknaden er ein grunnleggjande rett og ikkje minst er viktig for grensebuarar. Generelt meiner Kommisjonen at hygiene- og avstandsråd er det viktigaste og at reiserestriksjonar bør unngås så langt som mogleg. Reynder sa at Schengen hadde vore under press i lang tid – fyrst pga. migrasjonskrisa, så pga. terror og nå pga. at covid-19. Det er viktig å unngå at intern grensekontroll blir den nye normalen.

Det tyske europaministeren, Michael Roth, støtta Kommisjonen og viste til at krisa ikkje er over. Det er stadig behov for tiltak for å sikre folks helse og tiltaka vil variere frå land til land. Samstundes er det behov for betre koordinering og alle tiltak må vere i samsvar med europeiske lovgjeving. Det er positivt at EU-landa vart samde om felles lister over reiser frå tredjeland i sommar og det er nå drøftingar for meir harmoniserte regler for testing og karantene.

I debatten var det stor støtte til framlegget og behovet for meir koordinering, men mange spurte om kvifor dette ikkje har kome før. Dagens situasjon gjer det vanskeleg å kommunisere til innbyggjarane. Innbyggjarane ser at ulike land har ulike reiseråd til det same landet og ulike reglar for testing og karantene. Dette skaper eit inntrykk av at reglane er tilfeldige samstundes som dei blir bedt om å følgje dei. Det er heller ikkje alle land som godtek ein covid-19 test tatt i alle andre land. I dag manglar også felles definisjonar og dermed samanliknbar statistikk. Dagens situasjon trugar den indre marknaden og har store effektar for både personar, men også for verksemdar og handelen. Det vart elles etterlyst meir innsyn i forhandlingane med farmasøytiske selskap om utvikling av vaksiner og reglane for godkjenning av vaksiner.

I sin sluttkommentar sa Reynders det nå er seks lovande vaksiner under utvikling. Alle vaksiner vil måtte oppfylle vanlege kvalitetskrav, produktansvarslovgjeving og på vanleg måte bli godkjent av Det europeiske legemiddelbyrået. Han oppmoda elles om at alle land legg til rette for innreise også at ugifte partnarar og likebehandlar EU-borgarar uavhengig av kva land dei kjem frå. Det tyske formannskapet takka den klare støtta til auka koordinering, men viste til at dette ikkje er enkelt. Ikkje eingong internt i Tyskland er det eit felles system for restriksjonar og testing.

[Europaparlamentet vedtok torsdag med stort fleirtal ein rapport](#) som krev tiltak for å hindre medisinsmangel i Europa. Dette omfattar auka farmasøytisk produksjon i Europa og oppbygging av eit europeisk beredskapsapotek. Parlamentet ynskjer også å sikre betre koordinering mellom medlemslanda og er positive til satsinga som er foreslått i det nye helseprogrammet.

Europaparlamentet vil styrke mekanismen for sivil beredskap

Med 617 mot 52 røyster og 23 fråhaldande, [vedtok Europaparlamentet](#) sin posisjon knytt til EUs samordningsmekanisme for sivil beredskap og krisehandtering. Parlamentet meiner mellom anna at EU må auke investeringane i lagre av utstyr og i ressursar slik at medlemsland i krise, raskare kan få hjelp. Det er ikkje minst viktig i ein situasjon der fleire land blir råka av ein krise samstundes.

Naturgass som overgangsenergi i fondet for rettferdig omstilling

[Europaparlamentet voterte over rammeverket](#) for omstillingsfondet for rettferdig omstilling. Parlamentet ynskjer ei større ramme og virkeområde for fondet. Framlegget frå Kommissjonen la opp til at investeringar knytt til produksjon, foredling, distribusjon, lagring eller forbrenning av fossile brensel, ikkje skal kunne få støtte frå fondet. Eit fleirtal i Europaparlamentet opna likevel for at investeringar knytt til naturgass brukt som ein overgang frå til dømes kol eller skiferolje, er kvalifisert for støtte på visse vilkår. Ikkje minst Den grøne gruppa var svært misnøgd med dette vedtaket.

Skipsfart må inn i kvotehandelssystemet

[Europaparlamentet tek til orde for](#) at skipsfarten må inn i kvotehandelssystemet og at utsleppa frå skipsfarten må ned med minst 40 prosent innan 2030. Parlamentet vil også ha eit havfond basert på inntektene frå kvoteauksjonane fram til 2030. Fondet skal mellom anna fremje utvikling av meir energieffektive skip og investering i grøne hamner.

Endringar i kollegiet i Europakommisjonen

Etter at den handelskommissær, irske Phil Hogan, trakk seg, er visepresident i Europaparlamentet Mairead McGuinness (EPP), nominert som ny kommissær. Ursula von der Leyen ynskjer at ho skal få ansvar for finansielle tenester, medan visepresident Valdis Dombrovskis som nå har ansvaret for finansielle tenester, er tiltenkt handelsporteføljen. Begge må gjennom høyringar i Europaparlamentet, men det er ikkje venta at dei erfarne politikarane vil ha problem med å bli godkjende. Europaparlamentet vil truleg kunne gje sitt samtykke i oktober. Stortingspresident Tone Wilhelmsen Trøen møtte elles Mairead McGuinness under sitt besøk i Brussel i februar i år.

Med beste helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no